



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 25.09.2013

Vår ref.: 2013/370

Arkivnr.: 461.2

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 SAND

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oversending av løyve til utslepp av avlaupsvatn - Mosvatnet, Suldal kommune

I medhald av lov om vern mot forureining og om avfall av 13. mars 1981 (forureiningslova) har Fylkesmannen i Rogaland utarbeidd eit nytt løyve for Mosvatnet reinseanlegg ved Gullingen i Suldal kommune. Løyve gjeld frå dags dato.

Løyve gjeld utslepp av reinsa avlaupsvatn frå 4 300 pe.

Utslippsvatnet frå reinseanlegget skal tilfredsstillast kravet om sekundærreinsing frå dags dato.

Det vert vist til søknad om utsleppsløyve for Mosvatnet reinseanlegg av 08.01.2013 og andre dokument i saka.

Fylkesmannen har no behandla søknaden. Løyve etter forureiningslova er gitt på visse vilkår. Avgjerda om å gi løyve og ved fastsetjing av vilkåra, har Fylkesmannen lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket i forhold til dei samfunnsmessige og næringsmessige føremoner som tiltaket vil føra med seg. Utsleppet er og vurdert i forhold til naturmangfaldlova og vassforskrifta. Løyve gjeld frå dags dato.

Løyve med vilkår fylgjer vedlagt. Løyve er gitt med heimel i forureiningslova § 11, vilkåra er fastsett med heimel i § 16 i lova og i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 11 og 14.

Dei tilhøva som vert vurdert til å ha størst betydning for miljø, er regulert i løyve. Det er viktig å vera merksam på at Suldal kommune (kommunen) som er den ansvarlege for anlegget, pliktar å halde utsleppa på eit slikt nivå at unødig forureining vert unngått, jf forureiningslova § 7.

Ved vurdering av kva som er unødig forureining skal det leggjast vekt på skader eller ulemper i naturen som følgje av forureiningane, kan reduserast med tilgjengeleg teknologi innanfor rimelege kostnader.

Det er og kommune sitt ansvar å sørge for at utslepp av stoff som det ikkje er satt spesifikk grense for i dette løyve, vert halde på eit nivå som ikkje fører til skade eller ulempe for omgjevnaden.

Endring i dette løyve skal gjerast skriftleg. Dersom kommunen i særlege tilfeller eller på grunn av tidsnaud har fått munnleg løyve til midlertidig å fråvika fastsette vilkår, skal dette bekreftast skriftleg av Fylkesmannen så snart som råd er. Det er kommunen sitt ansvar å dokumentere slikt løyve.

Dersom verksemda skal overtakast av ny eigar, skal Fylkesmannen i Rogaland ha skriftleg melding om dette, seinast ein månad etter eigarskifte. Vi gjer merksam på at eigarskifte kan medføre endringar i løyve i samsvar med forureiningslova § 18.

Fylkesmannen gjer merksam på at sjølv om ein må vente seg visse forureiningsskadar i enkelte tilfeller som følgje av dei utslepp løyve gir muligheit for, er ikkje verksemda fritaken for plikt til å betala erstatning eller vederlag etter grannelova, jf forureiningslova § 56.

Vi gjer og merksam på at dersom ein unnlet å halda vilkåra i løyve er dette straffbart etter forureiningslova og straffelova.

Bakgrunn

Suldal kommune fekk løyve til utslepp av avlaupsvatn frå turistanlegg/aktivitetssenter ved Mostøl den 14.10.1992. Dette løyvet gjaldt avlaupsvatn frå ca 550 pe. I løyve er det sett krav om høggradig behandling og infiltrasjonsanlegg. Tankane skulle tømast etter behov. Dette anlegget brann ned i 2010.

Dei nedgravne tankane som var knytte til det nedbrende anlegget er framleis i bruk. Etter brannen vert avlaupsvatnet førd via desse tankane. Derifrå går avlaupsvatnet til eksisterande infiltrasjonsanlegg. Tankane vert tømde ved behov. I dag er ca 290 pe kopla til anlegget.

Mosvatnet/Gullingen området står føre ein omfattande utbygging av hytteområde. Dette er i tråd med godkjent reguleringsplan. Fullt utbygd reknar ein med at ca 4 300 pe vil vera knytt til reinseanlegget. Søknaden gjeld utslepp av kommunalt avlaupsvatn tilsvarande 4 300 pe.

Det er lagt vekt på at utsleppspunktet skal plasserast slik at utsleppet ikkje kjem i konflikt med brukarinteresser i området. Hovudtyngda av brukarinteressene er knytt til friluftsliv og bading. Dette føregår hovudsakleg i nordenden av Mosvatnet. Utsleppspunkt er tenkt til ca midten av vatnet ved ein av dei djupaste stadene. Punktet er vald for å sikra at reinsa avlaupsvatn blir førd mot det djupaste punktet i vatnet og for å unngå konflikt med brukarinteressene spesielt i områda rundt Mostøl.

Høyring

I samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyver etter forureiningslova, vart søknadsdokumenta lagt ut til offentleg ettersyn i mars / april d.å. Fylkesmannen mottok i august høyringsuttale frå Suldal kommune:

Suldal kommune:

Suldal kommune v/Bygdeutvikling har ikkje merknader til at Mosvatnet reinseanlegg vert godkjent i samsvar med søknaden utarbeida av Asplan Viak A/S. Me legg til grunn at reinseeffekten vert så god at Mosvatnet framleis vil ha kvalitet som badevatn.

Brønnen som skal forsyna heile området med ferskvatn er ein borebrønn som ligg om lag 15 m får Mosvatnet. Brønnen er ferdig. Det er Asplan Viak A/S som har prosjektert brønnen. Me tek det som sjølvsagt at avlaupsanlegget ikkje vil ha negativ verknad for drikkevassystemet.

Fylkesmannen si vurdering av motteken uttale

Det er viktig at sikkerheita for vassforsyninga til området vert ivareteke.

For å sikre dette er det no bora ein brønn i ein grusavsetning på land ved Mosvatnet nedafor Mostøl. Brønnen ligg ca 200 m frå der infiltrasjonsanlegget for det nedbrende avlaupsanlegget ligg. Det er utført prøvepumping av brønnen frå den vart etablert i april 2011 og fram til hausten 2012. Analysane viser svært god bakteriologisk kvalitet på vatnet.

Analysar av grunnvass-straumen som er gitt på grunnlag av registrering av grunnvassnivå i peilebrønner rundt borebrønnen, viser at grunnvatnet i hovudsak vert trekt frå innsjøen og frå grunnvatnet aust for brønnen. Det eksisterande infiltrasjonsanlegget blir difor ikkje vurdert til å vera stor risiko i forhold til fare for forureining av grunnvasskjelda. Det er har tidlegare vore problem med at infiltrasjonsanlegget vert tetta igjen, difor vert det rekna for å vera ei betre løysing å føra utsleppet frå avlaupsanlegget ut i sjølve Mosvatnet for det nye anlegget.

Det gamle anlegget var dimensjonert for 550 pe og det nye anlegget skal dimensjonerast for 4 300 pe. Dette er ei stor auke i utslepp. Ut frå beskrivingane i søknadsdokumenta ligg det viste utsleppspunktet for avlaupsvatnet ca 1 km sør for grunnvassbrønnen. Dette reknar Fylkesmannen er tilstrekkeleg avstand til å ivareta sikkerheita rundt vassforsyninga. Det vil likevel bli satt krav i løyve til driftsovervaking og reservekapasitet for å unngå at det kjem ureinsa avlaupsvatn ut i Mosvatnet ved ein eventuell driftsstans.

Grunngjeving for vedtaket

Resipienten

I samband med søknaden vart det gjennomført ei undersøking av resipienten sommar/haust 2012.

Klassifisering

I Vass-nett er Mosvatnet klassifisert som eit kalkfattig, klart og grunt vatn med moderat økologisk standard.

Mosvatnet har ei overflate på ca 2 km² og eit nedbørsfelt på ca 24 km². På det djupaste er Mosvatnet 38 m.

Miljømål

Kommunen har ikkje sett konkrete miljømål for Mosvatnet men det er nyleg vedteken ny reguleringsplan for område. Forureiningssituasjonen og mulige negative følgjer av vidare utbygging i område var avgjerande for at det frå kommunen si side vart sett krav om reguleringsplan for området.

For å ta vare på brukarinteressene er det lagt vekt på å redusera forureininga gjennom å krevje at det skal byggjast ut felles vassforsyning og avlaupssystem. Kapasiteten skal vera så god at eksisterande hytter (og leirskule etc.) skal kunne kople seg til.

Resipientvurdering

Kart som viser djupne i Mosvatnet viser to relativt djupe basseng. I fylgje gjennomført resipientundersøking sommar /haust 2012 er det teke prøvar av desse bassenga (prøvepunkt 1 og 2). Dette er i tråd med prinsippa i rettleiar "Overvaking av miljøtilstand i vatn". (Direktoratsgruppa for gjennomføring av vassdirektiv 2010.) Desse punkta er dessutan plassert på kvar si side av det aktuelle utsleppspunkt. På grunn av regulering er det strømrerking frå Mostøl og mot sør i vatnet. Det er og teke prøvar for å kartleggje vasskvaliteten i tilførselselva frå Hovestølen og Nyastølen.

Nedbørsfeltet til Mosvatn er på 24 km² og midlere avrenning er ca 66,6 Mm³/år.

Prøvar frå tilførselselva frå Hovestølen og Nyastølen visar verdiar for fosfor (tot. P) som er < 10 µg/l. Laboratoriet har brukt for høg deteksjonsgrense og det føreligg difor ikkje eksakte analyseresultat for fosfor. Det er sett krav til reinsing av fosfor, jf vilkår 2.4. Innhaldet av nitrogen ligg svært lågt og innafor tilstandsklasse ”Svært god” i følgje klassegrenser for fysisk-kjemiske parameter – SFT rettleiar (97:04).

Resipientundersøkinga viser ein gjennomsnittleg tilførsel av organisk materiale målt som KOF på 2,5 mg/l i tilførselselva frå Hovestølen og Nystølen. Dersom dette og representerer tilførsel frå heile nedbørsfeltet, utgjer det ein årleg tilførsel på 167 tonn/år. Ein årleg tilførsel av 5,5 tonn frå reinseanlegget vil medføre ei auke på 3 %.

Kraftproduksjon

Mosvatnet er en del av Ulla –Førre kraftanlegga. Vatnet kan regulerast 0,5 m opp til kote 518,2 frå naturleg høgd på kote 517,7 og kan senkast 1,5 ned til kote 516,2. Det er etablert ein reguleringsdam med overlaup i utlaupsosen i nordre enden av vatnet. Overlaupet blir førd ned til Suldalslågen i det naturlege elvelaupet (Mosåna).

Statkraft opplyser i eit notat frå februar 2012 at avgrensing i pumpekapasitet kan medføre eit tap via overlaup ved dammen på ca 10 % av det årlege tilsiget. Hovudtyngda av det årlege tilsiget til Mosvatnet vert ført opp i Sandsavatnet og derifrå til Suldalsvatnet direkte eller via Blåsjømagasinet. Uansett utgjer Mosvatnet ein svært liten del av dei vassmengdene i det store Ulla – Førre systemet. Eventuelle konsekvensar for nedstraums brukarinteresser (fiske og friluftsliv) som fylgje av utslepp frå det nye reinseanlegget ved Mostøl vert difor vurdert som svært små.

Mosåna vil store delar av året ha låg vassføring på grunn av regulering. Det betyr og at Mosåna er sårbar for eventuell tilførsel av forureina vatn. Overlaup til Mosåna vil normalt skje i flom-situasjonar (vårflom og haust/vinter før isen legg seg), når det er stor avrenning og tilsvarande stor fortynning av utsleppsvatnet frå avlaupsanlegg. Eventuelle negative konsekvensar for brukarar i og langs Mosåna som fylgje av utslepp frå det nye reinseanlegget ved Mostøl, vert difor vurdert som lite sannsynleg.

Samla resipientvurdering

Resipientundersøkinga viser at Mosvatnet er næringsfattig, og bør ha god kapasitet til å ta imot den planlagde tilførsel av reinsa avlaupsvatn utan at det skal medføre endring i vasskvalitet og økologisk status.

Brukarinteressene i og ved Mosvatnet er for det meste knytt til område rundt Mostøl og i nordre delen av vatnet. Planlagt utsleppspunkt er plassert slik at utsleppet ikkje kjem i konflikt med brukarinteresser.

For nedstraums resipientar (Sandsavatnet, Suldalsvatnet og Mosåna) vert eventuell påverknad av vasskvalitet på grunn av utsleppet frå planlagt avlaupsreinseanlegg rekna som svært liten.

Resipientvurderingane skal halda fram med undersøking kvart 6 år.

Forholdet til naturmangfaldlova

I fylgje naturmangfaldlova § 10 skal påverknad av eit økosystem vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Ut frå resipientvurderinga som er gjennomført i 2012 meiner Fylkesmannen å ha tilstrekkeleg kunnskap på dette området til å vurdere dei konsekvensane tiltaket har.

Ved gjennomføring av tiltak skal ein i følgje § 12 i naturmangfaldlova forsøkje å unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet ved å ta utgangspunkt i teknikk, driftskostnader og lokalisering som gir dei beste samfunnsmessige resultat. Etter Fylkesmannen si vurdering vert dette ivareteke i vilkåra i løyve.

Kommunen skal ha kjennskap til om leidningsnettet rører ved sårbare naturtypar eller områder som vert brukt av sårbare artar. Det må visast varsemd ved planlegging av nye leidningstrasear og ved graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke naturmangfaldet.

Konklusjon

Fylkesmannen i Rogaland konkluderar med følgjande krav:

- Ramme for utsleppet frå Mosvatnet reinseanlegg vert sett til 4 300 pe
- Reinsekravet til utsleppet er sekundærreinsing med fosforfjerning - jf forureiningsforskrifta § 14-2 b) og c)
- Det er sett krav om driftsovervaking og reservekapasitet for å unngå at det kjem ureinsa avlaupsvatn ut i Mosvatnet ved ein eventuell driftsstans
- Resipientvurdering kvart 6. år

Vedtak

Fylkesmannen finn etter ei samla vurdering, å kunne fatte vedtak i saka jf forureiningslova § 11 jf §§ 16, 22 og 40, og forureiningsforskrifta § 11 og 14.

Tiltak i vedlagde løyve er lista opp i tabellen nedanfor og skal gjennomførast innan fastsette fristar:

Tiltak	Vilkår i løyve	Frist
Samla mengd utslepp via naudoverlaup < 2,5 %	2.3	31.12.2019
Rapportering av lukt i følgje overvåkingsprogram	4.0	15.02 kvart år
Gjennomført risikoanalyse	7.1	31.12.2014
Varsling av akutt forureining	7.2	Så snart som mogeleg
Neste resipientundersøking	8.0	31.12.2018
Energistyringssystem	9.0	31.12.2014
Årsrapport	13.2	15.02 kvart år

Varsel om gebyr

Fylkesmannen varslar med dette at Suldal kommune skal betale gebyr sats 4, kr 20 100,- for Fylkesmannen si behandling av søknaden, jf forureiningsforskrifta § 39-4.

Eventuelle merknader til varselet skal sendast til Fylkesmannen innan 3 veker, jf forvaltningslova § 16.

Klage

Dette løyve kan klagast på til Miljødirektoratet (Mdir) innan 3 veker frå meldinga om avgjerda er motteken. Ei eventuell klage skal opplyse om kva det klagast over og den eller dei endringane som det er ynskje om. Klagen bør grunngjevast og andre opplysningar som kan ha betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Mdir kan etter oppfordring eller av eige tiltak bestemme at vedtaket ikkje skal gjennomførast før etter at klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Kopi av dette brevet er sendt til partar og naboar i saka i samsvar med vedlagte adresseliste.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernshjef

Mariann Størksen
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Mariann Størksen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Løyve av 25.09.2013

Kopi utan vedlegg til:

Jørgen Risa	Kvestad	4230	Sand
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Gullingen Turistsenter AS		4230	Sand
Kvitsøy Maritime Senter AS		4180	Kvitsøy
Mattilsynet, Felles postmottak	Postboks 383	2381	Brumunddal
Asplan Viak AS		4006	Stavanger
Sverre Herabakka	Herabakka	4230	Sand



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Løyve etter forureiningslova for Mosvatnet reinseanlegg til utslepp av kommunalt avlaupsvatn Suldal kommune

Løyvets ID: 2013.274.T

Løyve er gitt i medhald av lov om vern mot forureining og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16, § 22 og § 40, samt forskrift av 1. juni 2004 nr 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta), del 4 Avlaup (kapittel 11 og 14).

Løyve er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 08.01.2013, samt opplysningar som har kome fram under behandlinga av søknaden.

Løyve omfattar både minimumskrava i forureiningsforskrifta kapittel 14 og andre krav fastsett av fylkesmannen som forureiningsmyndigheit etter forureiningslova og forureiningsforskrifta. Alle vilkår går fram av dette løyve.

Dette løyve erstattar løyve av 14. oktober 1992

Løyve gjelder frå dags dato.

Løyve er gitt til:	
Anleggseigar	Suldal kommune
Adresse	Eidsvegen 7, 4230 Sand
Anlegg (reinseanlegg og leidningsnett)	Mosvatnet reinseanlegg (gnr 4 bnr 13 Suldal kommune)
Organisasjonsnummer	964 979 189
Lokalisering	(Euref 89, UTM sone 32: N: 6589750, Ø: 355317)
Kommune og fylke	1134 Suldal kommune, Rogaland fylke
Utsleppets størrelse	4 300 personekvivalentar (pe)
Reinsekrav	Sekundærreinsing ¹ - BOF ₅ : 70 % (25 mg O ₂ /l) - KOF _{CR} : 75 % (125 mg O ₂ /l) - Fosforfjerning: minst 90 %
Utsleppspunkt	Mosvatnet (Euref 89, UTM sone 32: N: 6589060, Ø: 354630)

NACE-kode	84.110 – Generell offentlig administrasjon
-----------	--

¹ Jf forureiningsforskriften § 14-2 b)

Fylkesmannens referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Risikoklasse
461.2 2013/370	1134.0014.01	2

Løyve gitt: 25.09.2013	Endringsnummer:	Sist endra:
Marit Sundsvik Bendixen ass. fylkesmiljøvern sjef		Mariann Størksen senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

1. Rammer

1.1 Omfang

Løyve gjeld utslepp av reinsa avlaupsvatn på inntil 4300 pe frå hytter, Gullingen leirskule og fjellstova i områda rundt Mosvatnet ved Gullingen i Suldal kommune.

Mosvatnet reinseanlegg vert omfatta av sekundærreinsekravet, og det er satt krav til reinsing av organisk stoff og fosfor for reinseanlegget, jf. forureiningsforskrifta §§ 14-2 bokstav b og 14-8 og vilkår 2.4 i løyve.

Anlegget skal drivast, vedlikehaldas og fornyast i et langsiktig perspektiv, slik at forventade funksjon og yting vert oppretthaldt og er stabil, jf. forureiningsloven § 2, punkt 3. Sjølv om det i løyve er gitt grenser for tillatne utslepp for definerte stoff skal utsleppa reduserast til et minimum innanfor akseptable kostnadseffektive rammer.

Rutinar for drift og vedlikehald skal vera ein del av internkontrollen. Internkontrollen skal og beskrive kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og anna uønska påverknad av ytre miljø.

Det er ikkje tillate å nytta avlaupssystemet til andre formål enn for transport av spillvatn/ overvatn utan løyve frå Fylkesmannen.

Suldal kommune (kommunen) pliktar gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid vert mest mogleg avgrensa.

1.2 Vassforskrifta

Formålet med løyve er å beskytta miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avlaupsvatn, for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i vassførekosten i samsvar med krava i vassforskrifta. Dette inneber krav om tilfredsstillande oppsamling, transport og reinsing av avlaupsvatn. Med krava i løyve og tiltak for å hindre forureining frå overlaupsutslepp og lekkasjar frå leidningsnett meiner Fylkesmannen at krava i vert tatt omsyn til.

1.3 Forholdet til naturmangfaldlova

I følgje naturmangfaldloven § 10 skal ein påverknad av eit økosystem vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Ved gjennomføring av tiltak skal ein i følgje § 12 i naturmangfaldlova unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet ved å ta utgangspunkt i teknikk, driftskostnader og lokalisering som gir dei beste samfunnsmessige resultat. Det har tidlegare vore eit avlaupsreinseanlegg ved Mosvatnet. Dette brann ned i 2010. Dei nedgravne tankane til dette anlegget vert framleis brukt. Dette vert erstatta med eit anlegg som held dagens reinsekrav. Utsleppet til Mosvatnet er ikkje nytt, men vert kraftig auka i forhold til tidlegare. Reinsekrav og krava til overvaking og reservekapasitet i anlegget skal sørge for sikkerheita og minimale utslepp. Etter Fylkesmannen si vurdering vert krava i naturmangfaldlova ivareteke igjennom vilkåra i løyve.

Kommunen skal kvart 6. år gjennomføre ein resipientundersøking i Mosvatnet for å dokumentera tilstanden til resipienten.

Kommunen skal ha kjennskap til om leidningsnett rører ved sårbare naturtypar eller områder som blir brukt av sårbare artar. Det må utvises særleg aktsemd ved planlegging av nye leidningstrasear og ved graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke naturmangfaldet.

2. Utslepp til vatn

2.1 Generelle forhold

Planlagt og gjennomført utbygging av avlaupsanlegg for transport og behandling av kommunalt avlaup skal vera beskrive i kommunens avlaupsplan (hovudplan avlaup, saneringsplan for avlaup eller tilsvarande).

For å halde utsleppa lågast mulig og unngå utilsikta utslepp skal kommunen sørge for vedlikehald av utstyr som kan ha betyding for utsleppet. System / rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert, jf. vilkår 2.8.

Kommunen pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Det skal gjennomførast ei risikoanalyse for avlaupssystemet. Tiltaka skal gjennomførast i tråd med denne.

Forventa klimaeffektar skal være ein del av risikovurderingane. Vurderingane skal oppdaterast med jamne mellomrom, ved store endringar eller basert på dei avvik som vert registrert som del av internkontrollen.

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminera eller redusera den auka forureiningsfaren.

Kommunen skal så snart som mulig informere Fylkesmannen om akutt forureining eller unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessig betyding og om utsleppet ved kontrollmåling viser eit utslepp på meir enn det doble av dei krava til reinsing som er sett.

2.2 Krav til kontroll med overvatn som vert tilført avlaupsnett

Overvatn bør separerast frå sanitært avlaupsvatn for å redusera utslepp frå avlaupsanlegget. Kommunen skal i sin tiltaksplan beskrive status og ambisjonar som skal sikre at overvassmengder blir så små som praktisk mogeleg. Planen skal og:

- Dokumentere at valg av intensitet- og varighetskurver for dimensjonerende tilrenning til avlaupsnett er tilstrekkelig oppdaterte, og tar hensyn til forventa klimaeffekt
- Vise, for eksempel ved simuleringar, korleis overvatn påverkar leidningsnett i ulike avrenningssituasjonar og tiltak som skal setjast i verk for å redusera tilførsel av overvatn til avlaupsnett
- Etablere system som til ei kvar tid sørger for oversikt over forventa vassmengder inn til reinseanlegget og som legg til rette for optimal kapasitetsutnytting

2.3 Krav til utslepp via overlaup

Kommunen skal ha oversikt over alle overlaup og større lekkasjar på avlaupsnett. Kommunen skal etablere system som til ei kvar tid sørger for oversikt over forventa overlaupsdrift ved dei enkelte overlaupa. Driftstid på overlaupa skal registrerast eller bereknast for eit dimensjonerande år.

Alt vatn som vert leia til anlegget skal behandlast. Det er ikkje tillete å etablere regelmessige overlaup på reinseanlegget.

Den samla mengde utslepp via naudoverlaup skal være under 2,5 % over året innan 31.12.2019. Ved fare for overskridingar skal utjamningstiltak setjast i verk. Slike tiltak kan setjast inn før leidningsnett, i nettet, eventuelt i tilknytning til overlaup.

Utslepp via overlaup skal ikkje føre til forsøpling og nødvendige tiltak skal gjennomførast for å sikre dette.

2.4 Krav til utslepp frå reinseanlegget

Reinseanlegget skal dimensjonerast, byggjast, drivast og vedlikehaldas av fagkyndige slik at det har tilstrekkeleg yteevne. Reinseanlegget skal utformast slik at det kan tas representative prøver av det tilførte avlaupsvatnet og av det reinsa avlaupsvatnet. Mengde avlaupsvatn skal målast med maksimal usikkerheit på 10 % for totalt utslepp, inkludert overlaup.

Det er ikkje tillete å sleppe ut avlaupsslam eller ristgods i en vassførekomst, verken ved dumping frå skip, utslepp frå rørleidningar eller på nokon anna måte.

Kravet til reinsing er sett i tabellen under. Avlasting for overlaup knytt til reinseanlegget er inkludert i reinsekrava. Prøver av KOF og BOF₅ må minst halde enten krav til konsentrasjon eller reinseeffekt.

Utlauupsvatnet frå avlaupsanlegget skal tilfredsstilla krav om sekundærreinsing.

Reinseanlegg	Type resipient	Kontrollparameter				
		KOF (kjemisk oksygenforbruk)		BOF ₅ (biokjemisk oksygenforbruk)		Fosfor fjerning
Mosvatnet reinseanlegg	Vassførekomst	mg/l	%	mg/l	%	%
		125	75	25	70	90

Reinseanlegget skal vera utstyrt med driftsovervaking og reservekapasitet for å unngå at det kjem utreinsa avlaupsvatn ut i Mosvatnet ved ein eventuell driftsstans.

Reinsa avlaupsvatn skal sleppast ut i Mosvatnet på en slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg.

Anleggseigar skal dokumentera at utsleppskravet vert overhalde.

2.5 Utsleppsstad

Etter reinsing skal avlaupsvatnet førast i eksisterande utsleppsarrangement. Utsleppspunktet ligg ca 1 km sør for Mostøl ved den djupaste delen av Mosvatnet. Lokalisering er vist på side1.

2.6 Prøvetaking og analyser

Uttak av prøvar, analysar og vurdering

Det skal tas representative prøver både på innlaupet og utlaupet av det tilførte avlaupsvatnet. Prøvane skal tas ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonal prøvetakingssystem. Prøvane skal tas før eit eventuelt påslepp av overvatn på utsleppsleidninga og med jamne mellomrom gjennom året. Prøvetakingstidspunktet skal vera i samsvar med ein tidsplan sett opp på førehand i verksemda si internkontroll. Forskjell i tid mellom prøve ved innlaup og utlaup skal tilpassast opphaldstida i reinseanlegget. Prøvene skal oppbevarast og eventuelt konserverast i samsvar med Norsk Standard eller anna anerkjent laboratoriepraksis. Krav til prøvetaking og analyse er gitt i forureiningsforskrifta §§ 14-11, 14-12, 14-13 og forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 2.

Kommunen skal sørge for at det vert tatt prøvar av tilført og reinsa avlaupsvatn. Når prøver vert tatt, skal vassføring målast med ei uvisse på maksimalt 10 % og registrerast. Verksemda som utfører prøvetaking, dette gjeld og konservering, skal vera akkreditert for prøvetaking eller ha et tilsvarende kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ein kvalifisert nøytral instans.

Det skal tas døgnblandprøvar når prøven skal analyserast for BOF₅, KOF_{CR} eller fosfor. Talet på prøvar som skal leggjast til grunn for berekningane er vist i forureiningsforskrifta § 14-13.

Dersom prøvetakinga av utlaupsvatnet er lokalisert slik at prøva ikkje inkluderer avlaupsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal overlaupsbidraget målast og registrerast, og reknast med i reinsegraden.

Reinsekrav

Reinsekrav skal dokumenterast for kvart prøvedøgn/prøveveke. Årleg reinseffekt og utløpskonsentrasjonar skal bereknast som eit gjennomsnitt av enkeltverdiar. Midlingstid og tal på prøvar som skal leggjast til grunn for berekningane går fram av tabellen under pkt. 2.1 i vedlegg 2 til forureiningsforskrifta § 11. Avlaupsanleggets størrelse i pe skal reknast på grunnlag av største mengde som kvar veke går samla til overløp, reinseanlegg eller utsleppspunkt i løpet av året, med unntak av uvanlege forhold som for eksempel kan skuldast kraftig nedbør, jf forureiningsforskrifta § 11- 3 m).

Det største talet på prøvar som kan vera over konsentrasjonskravet eller under reinseffektkravet for BOF₅ og KOF etter prøvetaking, er gitt i § 14-13.

Ved berekning av utslepp via overløp kan målte innlaupsverdiar til reinseanlegget eller berekna konsentrasjonar basert på fortynning akseptert.

Ved vurdering av analyseresultat skal det ikkje tas omsyn til ekstreme analyseverdiar dersom desse skyldast uvanlege forhold, som for eksempel kraftig nedbør.

Eventuell annullering av prøvar på grunn av uvanlege forhold skal grunngjevast og dokumenterast. Det skal alltid tas ut prøvar og foretas analyser, sjølv om omstende og forhold gir grunn til å anta at uvanlege forhold har oppstått. Annullering av prøvar kan gjerast på grunnlag av analyseresultat, sjå ”SFT: Informasjon TA 2220/2007”.

Avrenning frå snøsmelting og nedbør innafor gjeldande kriterie for dimensjonering av leiingsnett og reinseanlegg, eller driftsproblem ved reinseanlegg med dårleg leiingsnett som hovudårsak, vert ikkje rekna som uvanlege forhold.

2.7 Krav til utsleppspunkt

Reinsa avlaupsvatn skal førast ut i Mosvatnet på ein slik måte at innblanding i vassmassane blir best mogeleg og slik at strandlinja ikkje vert påverka.

2.8 Krav til systematisk vedlikehald og fornying

Kommunen pliktar å ha internkontrollsystem for verksemda ved reinseanlegget i samsvar med internkontrollforskrifta². Internkontrollen skal blant anna sikra og dokumentera at verksemda held krava i dette løyve, forureiningsloven og andre relevante lover og forskrifter. Internkontrollen skal holdast oppdatert.

Kommunen skal sikre at avlaupsnettet og tilhøyrande komponentar vert drifta og vedlikehalde på ein slik måte at tilsikta funksjon til ei kvar tid vert oppretthaldt . Rutinar for drift og vedlikehald av avlaupsanlegget skal vera i samsvar med internkontrollforskrifta.

3. Avlaupsslam

Kommunen pliktar å sørje for at alt avlaupsslam som skal nyttast til gjødsel eller jordforbetring vert handtert i samsvar med gjødselvereforskrifta. Ved prøvetaking av slammet skal anerkjente metodar for å oppnå representative prøver nyttast.

² Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 (Internkontrollforskriften)

Innhald av miljøgifter i avlaupsvatn og slam skal avgrensast så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Kommunen skal ha etablert og sett i verk eit system for informasjon og kjeldesporing som sikrar at tilførsel frå potensielle punktkjelder vert halde på et minimum.

Fylkesmannen kan påleggje kommunen å delta i kartegging for å dokumentere nivå av miljøgifter i slam

Samandrag av prøvetaking og analysar inkludert vurdering av resultat med konklusjonar skal inngå i årsrapportane for reinseanlegget.

4. Utslepp til luft

Lukt frå reinseanlegg, pumpestasjonar, overlaup, kummer og eventuelle lufteinnetningar, skal vera så låg at det ikkje er til vesentlig sjananse for naboar og brukarar av nærområdet.

Lukt skal vera ein driftsparameter for heile avlaupsanlegget og kommunen skal ha oversikt over kjelder og vurderer behovet for tiltak og eventuelt effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak.

Før bygging av nye anlegg, komponentar (pumpestasjonar, kummer, uteareal og leidningar og slambehandlingsanlegg) må kommunen vurderer mogelege kjelder til lukt og om nærheit til utbygde områder, ferdsel eller terrengforhold kan skape luktkonflikter.

Kommunen skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager på lukt. Vidare skal klager, og avvik som vert oppdaga av verksemda sjølv, og først logg på og behandling som avvik.

Reinseanlegget skal ikkje forårsaka sjenerande lukt i omgjevnadene. Luktimmisjonen ved bustadar, skole, barnehage, sjukehus mv. som ligg i nærleiken skal ikkje overskride 1,0 OUE/m³ (europeisk lukteinheit pr. m³ luft). Grenseverdien er angitt som maksimal, månadleg 99 % timefraktil. OUE skal målast og bereknast i hht NS-EN 13725 og spreingsberekningar etter modelleringsverktøyet, OML.

I samband med unormale driftssituasjonar eller driftsstans som kan medføre luktulemper i anleggets nærområde, skal naboar verta varsla om dette. Planlagt driftsstans ved vedlikehald og liknande skal verta utført på tidspunkt som gir minst mulig luktspreiing til omgjevnadene.

Det skal kunne dokumenterast at fastsette grenser for luktemisjon vert overhaldne. Overvåkingsprogram skal inngå i anlegget sin internkontroll, jf. vilkår 2.8, og rapporterast, jf. vilkår 13, innan 15.02. kvart år.

5. Støy

Utandørs støy frå reinseanlegg skal ved nærmaste bustad ikkje overskride fylgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden:

Dag (kl. 07-19) LpAekv12h	Kveld (kl.19-23) LpAekv4h	Natt (kl. 23-07) LpAekv8h	Søn- /heilagdager (kl. 07-23) LpAeq16h	Natt (kl. 23-07) LA1
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjelder all støy frå den ordinære drifta av reinseanlegga, inkludert intern transport på området til anlegga og lossing / lasting av råvare, slam etc. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

6. Forureina grunn

Når det skal leggjast nye avlaupsleidningar, skal kommunen ha kjennskap til om leidningsnettet kjem i berøring med områder med forureina grunn eller forureina sedimenter i elv og sjø. Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sedimenter, treng løyve etter forureiningslova, eller i nokre tilfeller godkjenning frå kommunen.

7. Akutt forureining – førebyggjande tiltak, varsling og beredskap

7.1 Førebyggjande tiltak

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, plikter kommunen å setje i verk dei tiltak som er nødvendige for å fjerne eller redusera den auka forureiningsfaren.

På basis av risikoanalysar skal kommunen setje i verk risikoreduserande tiltak. Både tiltak som reduserar konsekvens og sannsynlegheit skal vurderast. Kommunen skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka, som og kan inkludera justering av beredskapen i kommunen. Risikoanalyse for anlegget skal sendast til Fylkesmannen innan 31.12.2014.

7.2 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining av betydning skal varslast i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining. Internkontrollen skal og beskrive kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og annen uønska påverknad av ytre miljø. Kommunen skal og, så snart som mogeleg, underretta Fylkesmannen om:

- Akutt forureining på grunn av driftsstans der årsaka er uhell eller langvarig straumbrot
- Unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessig betydning
- Utsleppskonsentrasjon på meir enn det doble av gjeldande krav for ein akkreditert prøve

8. Resipientovervaking

Kommunen skal sørgje for regelmessig overvaking av resipienten. Overvakinga skal utførast i samsvar med Norsk Standard. Verksemda som utfører overvakinga skal vera akkreditert for felt- og analysearbeid eller ha tilsvarende kvalitetssikringssystem for felt- og analysearbeid godkjent av ein kvalifisert nøytral instans. Dersom tilsvarende overvaking og vert utført av andre, pliktar kommunen å bidra til å gjennomføra ein samordna eller felles overvaking. Overvaking skal setjast i gang slik at overvakingsrapport kan sendast til Fylkesmannen innan 31.12.2018 og deretter kvart sjette år. Dokumenterte negative endringar i resipienten kan føre til at løyvet vert endra med strengare reinsekrava.

9. Energi

9.1 Energistyringssystem

Kommunen skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå en mest mulig energieffektiv drift av heile avlaupsanlegget. Eit energistyringssystem skal vera etablert innan 31.12.2014 og inngå i internkontrollen.

9.2 Utnytting av overskotsenergi

Kommunen skal i størst mulig grad utnytte overskotsenergi internt, og leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre dette ikkje er teknisk mulig, avgrensa av konsesjonar eller medfører urimelege kostnader.

10. Testing og substitusjon av kjemikaliar og råstoff

Med kjemikaliar er her meint kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt. Dette gjeld og fellingskjemikalium og hjelpekoagulantar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannbekjempingsmidlar m.m.

Kjemikaliar som vert nytta på en slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal vera testa for kor lett nedbrytande det er, toksisitet og kor lett det bioakkumulerar.

Kjemikaliar og råstoff som med sine eigenskapar og bruk kan medføre skade på helse og miljø, skal så langt som mulig erstattast med alternativ som medfører mindre risiko. Verksemda pliktar å etablere et system for substitusjon. Det skal heile tida vurderast fare for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av dei kjemikaliar og råstoff som vert brukt, og av om det finnes alternativ. Så vel skadelige effektar knytt til produksjon, bruk og eigenskapar i avfall, skal vurderast. Der det finnes betre alternativ, skal verksemda nytta disse dersom dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

11. Tilsyn

Kommunen pliktar til ei kvar tid å la representantar for Fylkesmannen eller dei som har denne myndigheita, føra tilsyn med anlegget.

12. Planlagt stans av reinseanlegget

Om reinseanlegget vert planlagt lagt ned eller stansa for ein periode på grunn av ombygging eller utbetring skal kommunen gjera det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan medføre fare for forureining kan ikkje startast før Fylkesmannen har gitt midlertidig unntak. Søknader om unntak frå gjeldande reinsekrav må derfor sendast Fylkesmannen i god tid.

13. Rapportering

13.1 KOSTRA-rapportering

Kommunen skal rapportera avlaupsdata til KOSTRA innan 15.02. kvart år.

13.2 Årlege vurderingar av driftsforhold

Det skal utarbeidast korte årsrapportar delt inn i avlaupsnett, reinseanlegg, handtering av slam, og overvaking. Det skal leggjast vekt på overorda kvalitative vurderingar.

Følgjande skal rapporterast til Fylkesmannen innan 15.02 kvart år:

- Korleis dagens og planlagt oppgradering av avlaupsnettet vil medføre at fastsette krav og delmål vert haldne
- Korleis avlaupsnettet fungerer, inkludert driftstid eller mengde avlasta for overlaup og berekning av innlekking og utlekking
- Omfanget av tiltak for å redusera tilførsel av overvatn, dette gjeld og forventa og registrert effekt av tiltaka og inkluderer større separeringstiltak

- Korleis reinseanlegget fungerer og årsaker til eventuelle overskridingar av løyve
- Vidare skal trendar for reinsing, driftsstabilitet og framtidig reinsekapasitet beskrivast.
- Resultat frå målingar av tungmetall og organiske miljøgifter i innlauf og reinsa avlaupsvatn
- Status for risikovurderingar og oppfølging

Data som vert rapportert til KOSTRA eller Vassmiljø er ikkje nødvendige å repetere i årsrapporten, ut over kva kommunen sjølv finn hensiktsmessig og naturleg for å underbygge konklusjonar.

Årsrapportane skal vera tilgjengelig for Fylkesmannen.